

# Brillene vi ser med – teoretiske perspektiv og sentrale omgrep<sup>1</sup>

Rune Kvalsund og Jon Olav Myklebust

## Teoriens funksjonar

Mange empiriske studiar er svakt forankra i teori. Dei kan seiast å vere på grensa til det ateoretiske og framstår ofte som kommenterte frekvens- eller krysstabellar. Dette er knappast forskning og meir i slektskap med utgreiingsarbeid. Det finst også døme på studiar som signaliserer tilhøyrse til bestemte teoriperspektiv som er populære for tida, men utan at desse perspektiva blir nytta i analysane. Då blir teori berre til utstilling. I andre forskingsarbeid er kategoriar, omgrep og teori noko som skal vekse fram nedanfrå, som skal utviklast under vegg. Teorien er gjerne omtala som 'grounded' og meininga med omgrepa er at forskarane skal bruke dei til å forstå og forklare eigne data gjennom kategoriar som er forankra i informantane si livsverd. Teori utvikla på denne måten toler gjerne at teori og omgrep også blir tilført utanfrå og ovanfrå i tillegg, som reiskap til å tolke, forstå og forklare data på måtar som 'dei innfødde' ikkje har sett i første omgang. Dette komplementære grepet er langt på veg teoriposisjonen i dette forskingsprosjektet om sårbar ungdom.

## Teori og empirisk forankring

Når vi skal analyse endringar over tid, kan vi velje mellom teoriperspektiv som har vesensforskjellig forankring av omgrepa. Det første alternativet er perspektiv frå den generelle samfunnsteorien t.d. dei såkalla samfunnsdiagnostiske teoriane til Giddens, Baumann og Bech. Dette er perspektiv som vektlegg frisetjinga av aktørane i samfunnet og nyttekalkulerande individuelle val som grunnmekanisme når vi skal forstå det som hender. Dei prøver prisverdig nok å forklare heilskapssamanhengar i samfunnet, men problemet er heller svak empirisk forankring. Dette er ikkje vårt val av perspektiv og teoretisk referanseramme. Gjennom vektlegging av tidsperspektivet har målet vore å studere eit mangfald av overgangar på ulike livsområde og på den måten få fram eit meir fullstendig bilete av korleis sårbar ungdom tilpassar seg i skule og samfunn. Tanken har vore å studere ikkje berre enkeltovergangar (transitions) i livsløpet, men samanknytte livsbanner (trajectories) frå ungdomstid til vaksenliv. Denne tilnærminga er også eit tydeleg utviklingstrekk i både nyare livsløpsforskning og forskning om funksjonshemma/funksjonshindra. På denne måten kan vi studere kvantitativt og kvalitativt både kumulativ framgang (advantage) og kumulativ tilbakegang (disadvantage). Eit overordna forskningstema for prosjektet er derfor korleis

---

<sup>1</sup> Den viktigaste bakgrunns litteraturen for denne artikkelen er:

**Elder, G. Johson, M.K. og Crosnoe, R.** (2006): The emergence and Development of Life Course theory. I Mortimer, J.T. og Shanahan, M.J. (redaktørar) : *Handbook of the The Life course*. New York: Springer.

**Giele, J.Z. & Elder, G.** (1998): Life course research: Development of a field. I Giele, J.Z. og Elder, G. (redaktørar): *Methods of life course research. Qualitative and quantitative Approaches*. London: Sage.

**Osgood, D.W., Foster, E.M. Flanagan, C. og Gretchen, R.** (redaktørar) (2005): *On your own without a net. The transition to adulthood for vulnerable populations*. London: University of Chicago Press.

erfaringar som dei sårbare ungdommane gjer på skulearenaen, påverkar overgangen og tilpassinga til vaksenlivet.

### **Teorien og tidsdimensjonen**

Vi har såleis valt teoriperspektiv med ei empirisk forankring som har vakse fram gjennom omfattande forskning på levd liv i historisk tid og stad – livsløpsperspektivet. Den viktige tidsdimensjonen er såleis med. Det minner oss om at all samfunnsforskning gjeld noko som alt har hendt. Alle våre data er såleis historiske, og forskinga blir nødvendigvis rekonstruerande. Korleis kan vi forstå det vi registrerer og observerer i vaksenlivet i lys frå dei vilkåra og prosessane aktørane har møtt i tidlegare fasar av livsløpet? Den generelle forståingsramma i dette forskingsprosjektet er såleis den komplementære koplinga mellom to kunnskapsfelt – psykologi om livsfasane (life span psychology) og livsløpssosiologi (life course sociology). Det første feltet – psykologi om livsfasane – omfattar kunnskap, omgrep og teori om *individuell handlingsevne, utvikling og samhandling* påverka av dei nære kontekstane som familie, skule og sosiale relasjonar. På dette feltet hentar forskarane også teori og omgrep for korleis sosiale einingar og organisasjonar fungerer, t.d. supplerande organisasjonsteori om levd liv og teori om sosiale nettverk og sosial kapital. Både individuell og sosial handling er lagdelt (multi-layered) med fleire ulike kontekstnivå. Det andre kunnskapsfeltet – livsløpssosiologi – omfattar i tillegg til nære relasjonar også dei fjernare og vidare kontekstane kopla til strukturelle og kulturelle samanhengar på samfunnsnivå (t.d. teori om globalisering og individualisering). Kombinasjonen av desse to kunnskapsfelt og tilhøyrande teori gir høve til å studere korleis samanhengar mellom levd liv, stad og historisk tid formar mønster i overgangane i livsløpet. Desse to tilnærmingane er langt på veg komplementære, men eit viktig skilje er at i livsløpssosiologien er kontekst primært, medan det i livsløpspsykologien er meir sekundært. Dette perspektivet omfattar fleire teoriprinsipp som vi kort skal omtale nedanfor.

### **Hendingar og handlingar er tid- og stadfesta**

Plassering i tid og rom – *location in time and place* – er eit av dei teoretiske, men empiriforankra prinsippa i livsløpsteorien. Tid- og stadfesting av hendingar og handlingar hjelper forskaren til å forstå at personar lever konkrete liv, influerte av samspelet mellom individet og konteksten. Då ser ein også at mønsteret har både særegne individuelle og kontekstforankra generelle aspekt som held seg over tid. Dette omgrepsfestar at forskinga skal dreie seg om stad- og tidsforankra levd liv som er kulturelt forankra. Overgangane viser etappar i livsløpet i eit kortare tidsperspektiv t.d. overgangar mellom kursnivå i opplæringa, eller overgangen mellom skule og vaksenliv, der overgangen kan bli vendepunkt og føre til at livsløp tar ny retning. Det som hender på eit gitt tidspunkt er såleis påverka både av det som har hendt før og av det faktum at aktørane gjerne føregrip tenkt framtid og lar dette påverke det som hender no. Livsbanene er det som hender aktørane på ulike arenaer som t.d. utdanning, arbeid, familie og fritid og som i sum dannar aktørens livsløp.

### **Sosial integrasjon og sosiale relasjonar**

Eit anna sentralt prinsipp i livsløpsteorien er *sosial integrasjon og sosiale relasjonar*, eller det som er omtala som *linked lives*. Sosial handling på alle nivå (kulturelt, institusjonelt, psykologisk og sosiobiologisk) vekslerverkar og påverkar kvarandre gjensidig som delar i ein heilskap, men blir også påverka gjennom samhandlinga mellom personar som har tilsvarende eller liknande erfaringar gjennom livetappane. Spørsmålet er då korleis og i kva grad ulike forventningar og normer er integrerte, og kva forskjellar og variasjonar vi kan finne. Det kan vere tale om diskontinuitetar, brot og avvik over tid (dvs. negative sprialar eller cumulative disadvantage) eller positive endringssprialar(cumulative advantage) i samsvar med dei

nedfelte normene om når livsetappar bør starte og vere avslutta – om aktørane er *on time* eller *off time* i utdanning, arbeid eller familiestifting. Det vil i all fall vere forskjellar mellom personar med ulike erfaringar frå oppvekststad, skule og utdanning, familiebakgrunn og arbeidserfaring.

### **Strategisk tilpassing - timing**

Tidsplassering av overgangar – *timing* – er eit anna eit kjerneprinsipp i livsløpsteorien. For å nå sine mål vurderer både enkeltpersonar og grupper korleis dei bør handle og nytte tilgjengelege ressursar når dei står overfor ytre hendingar. Timing av livshendingar kan oppfattast både som passiv og aktiv tilpassing for å kunne nå egne og felles kollektive mål. Korleis personane byggjer opp kompetanse, om dei vel å bryte av vidaregåande skule i siste termin for å berge eiga sjølvopfatning, når og kva sosiale nettverk dei sårbare unge blir med i, når dei unge tar seg arbeid eller greier å skaffe seg arbeid, om og når dei får førarkort eller når dei stiftar eigen familie – alt dette er døme på strategiske valavveging og timing. Uavhengig av kva sosial og kulturell bakgrunn dei sårbare unge har, kva slags nettverk og sosiale relasjonar dei er i eller kva personleg motivasjon og handlingsevne dei har, må alle desse livsløpselementa gjennom timing-trakta der dei blir strategisk avstemde til kvarandre gjennom personane si tilpassing til konkrete situasjonar og hendingar i livet. Timing er på denne måten både ein teoretisk og praktisk måte å ordne forskingsdata på.

### **Konkrete overgangar og livsløp**

Sett i samanheng gir desse teorielementa oss eit heilskapleg bilete av livsløpet. Dette teoriperspektivet er derfor særleg relevant når vi skal følgje potensielt funksjonshindra/ funksjonshemma eller sårbare unge gjennom lange periodar i livet. Livsløpsteorien gir også grunnlag for å kunne analysere systemet som potensielt problemskapande, og då på ein slik måte at forskinga ikkje blir prisgitt institusjonsinterne og meir avgrensa individorienterte hjelparperspektiv hos ulike profesjonsgrupper.

Dette forskingsperspektivet legg ikkje til grunn førehandsopfatningar av korleis samfunnet og samhandlinga mellom menneska er slik den samfunnsdiagnostiske teorien gjerne gjer. Det empiriske biletet av kva retning livet tar må skapast gjennom forskning på overgangar og livsløp for enkeltmenneska. Livsløpsteorien empirisk forankra, altså *grounded*. Endringar i rammevilkåra på samfunnsnivå som t.d. ved enkelte reformer i velferdsstaten, påverkar kvardagens livsverd som den enkelte er i. Vår hovudinteresse har vore og er framleis å utvikle empirisk forankra kunnskap om kva som hender dei sårbare unge over tid t.d. ungdom som 'har åtferdsvanskar', eller som 'har rusproblem'. Teori og omgrep skal også vere med å sikre validitet i studien.

### **Ungdom – funksjonshemma, funksjonshindra eller sårbar?**

Ungdomsogrepet må avspegle tenkinga om fasar og overgangar i livsløpet – livsfase-psykologi og livsløps-sosiologi. Nyare ungdomsforskning legg nettopp dette til grunn – det er tale om det relasjonelle ungdomsogrepet dvs. der dei definerande kvalitetane er variasjonar i vilkår og prosessar før, i løpet av og etter ein overgang. Dette omfattar også ein breiare og meir open måte å definere, forstå og forklare funksjonshindra ungdom på. Biletet av dei sårbare unge tar først form når vi får fram mønsteret i overgangar som dreier seg om å flytte ut frå foreldreheimen, etablere romantiske relasjonar, stifte eigen familie, få barn og ha eit fritidsliv som vaksen. Slike overgangar kan gi ny retninga for livsløpet – det er altså tale om vendepunkt i kritiske tidspunkt i livet. Dette er samstundes teori om avvik og normalitet. Vi har for det første det kategoriale omgrepet basert på negative eigenskapar ved individet (det medisinske avviksomgrepet, eigenskaps-essensialisme) der ein prøver å kompensere for lite

utvikla eigenskapar. For det andre har vi det vilkårsfokuserande avvikssomgrepet (det sosiale avvikssomgrepet, vilkårs-essensialisme) basert på vilkårs- og prosessanalysar av funksjonshemmande praksisfellesskap. Kombinerer vi desse gjennom det relasjonelle og livsfaseforankra ungdomsomgrepet, kan vi betre forstå ungdom, alder og funksjonshindring/hemming også som sosiale og kulturelle konstruksjonar.

### **Sårbar ungdom eller vaksen på særvilkår**

Overgangen til vaksenlivet har blitt lengd og langt meir kompleks i løpet av dei siste tiåra og derfor meirkrevjande for dei fleste unge, endåtil dei som har tilgang på betydelege ressursar gjennom foreldreheimen. Overgangen blir tilsvarande meir krevjande for dei sårbare unge som manglar slike ressursar og som gjer overgangane 'off time' samanlikna med dei som følgjer tidstabellane slik som hovudstraumen av elevar gjer – såkalla normale 'on time' mønster. Overgangane vil derfor oftare følgje sirkulære mønster – ut av systemet, inn att i systemet og ut igjen, utan at så mykje er oppnådd av kvalifisering og kompetanse.

Denne livsfasen har også stor *overgangstettleik* fordi overgangane kjem i 'buntar' – fleire overgangar hopar seg opp om lag samstundes, for eksempel for kvinner som skal avslutte utdanning, få barn og flytte det same året. Våre studiar analyserer korleis sårbare unge taklar skuletida og dei etterfølgjande åra og korleis lokale velferdsordningar og omsorgsordningar – formelle og uformelle - lukkast med å hjelpe sårbare unge i denne overgangstette fasen av livet. Dette omfattar også dei tilfella der utviklinga er meir positiv enn det ein kunne forvente, når utgangspunktet er den problemfulle historia til dei aktuelle sårbare unge så langt i livet. Dette er dei resiliente overgangane og livsløpsmønster. Risiko- og støttefaktorar i familie, skule og lokalsamfunn vekselverkar med personens livssituasjon og hemmar eller lettar tilpassinga.

### **Individ- eller systemdiagnosar?**

Forskningsbasert kunnskap på dette feltet har tradisjonelt blitt til som resultat av eigenskapsfokuserande tverrsnittsstudiar av funksjonshemma eller sårbare barn og unge der individdiagnosane dominerer. Dei seinare åra har også perspektiv om funksjonshemmande stader, arenaer og kontekstar vunne fram, men i dei fleste tilfella har kunnskapen hatt ein gjennomgåande mangel, nemleg neglisjeringa av tidsdimensjonen. Så langt har vi framheva empirisk forankra teoretiske prinsipp og substansielle argument for leggje livsløpsperspektivet til grunn som overordna teoretisk referanseramme for forskingsarbeidet vi har gjennomført frå midten av 1990-talet og fram til no.